

# Rv. 55 gang- og sykkelveg Kløvi–Njøs

## Anleggsstart i mai

NÆRINFO

Mai 2016



Den nye gang- og sykkelvegen kjem på oppsida av fylkesvegen.

### Entreprenør Kveen AS frå Stryn går snart i gang med bygginga av ny gang- og sykkelveg mellom Kløvi og Njøs

- Arbeidet skal starte i midten av mai, og det vil bli mykje aktivitet på denne strekninga når dei først er komne i gang, fortel prosjektleiar i Statens vegvesen, Tone Anette Espe.

#### - Få augekontakt

I samband med bygginga av gang- og sykkelveg skal kommunen skifte ut sine vass- og avløpsrør, og det skal etablerast ei ny kabelgrøft. Dette arbeidet vil krevje djupe grøfter, og gåande og syklende på strekninga må vere oppmerksame. Det same gjeld for ferdsel i anleggsområdet generelt.

- Maskiner og lastebilar har store blindsoner, og det er viktig at alle trafikantar har augekontakt

med maskinførar dersom ein ferdast nær maskiner og lastebilar, oppmodar Espe.

Frå sjåførplassen i ein lastebil er det ikkje mogleg å sjå heile vegen rundt lastebilen. Blindsona veks i kryss, når lastebilen svingar.

## Evakuering ved sprenging

Det vil også bli noko sprengingsarbeid som ein del av vegbygginga.

- Når det skal pågå sprengingsarbeid nær hus og bygningar vil det bli vurdert å evakuere. Det

er kun snakk om den tida rundt avfyring av sjølve salvene, og dette vil bli varsla i god tid.

Ved sprenging har entreprenør ansvar for tryggleiken, og alle må rette seg etter entreprenøren, presiserer prosjektleiaren.

- Bebuarar og grunneigarar må også førebu seg på at avkøyrslene deira i korte periodar vert stengt når gravearbeidet skal utførast. Dette vil vi også varsle om i god tid, lovar ho.

Den nye gang- og sykkelvegen skal stå ferdig innan 1. desember 2016.



Illustrasjonsfoto som viser lastebilar si blindsona. Dess lågare personen er, til dømes eit barn, dess vanskelegare er det å sjå dei.

16-1019 grafisk.senter@vegvesen.no Foto: Ole Kristian Aset



Statens vegvesen

### Kontaktpersonar i Statens vegvesen

**Prosjektleiar** Tone Anette Espe, tlf.: 959 48 075

**Byggeleiar** Jørn Fosen Simonsen, tlf: 994 62 312

**Grunnerverv** Ida Jørstad Røysum, tlf: 991 57 081



Leikanger  
kommune

### Kontaktperson Leikanger kommune:

Per Holen, tlf: 57 65 56 03/ 911 96 392



Les meir om prosjektet på <http://www.vegvesen.no/Riksveg/rv55klovinjos>